


Møtereferat

Møtetittel: Samarbeidsmøte Sju- stjerna og Helseføretak – Covid 19
Møtenummer: 7/2020
Møteleiar: Mona
Referent: Gro Anette


Dato: 29.04. 2020
Tidspunkt: Kl. 10 00 – 1100
Stad: Skype

| | Namn | Møtt |
|-------------------------|---|------|
| Representantar | Stian Endresen, PKO | X |
| | Gro Anette Frøystad Voldsund; koordinator Sjustjerna H&O | X |
| | Bård Dalen, leiar for Sjustjerna helse- og omsorg | |
| | Trond Aglen, leiar for Sjustjerna rådmannsgruppe | |
| | Rune Sjurgård, rådmann vertskommune | |
| | Karsten Vingen, Hareid | |
| | Inger Lise Kaldhol, Volda | X |
| | Norunn K. Elde, Ulstein | X |
| | Asta Sileikiene, Sande | X |
| | Bjørn Martin Aasen, Herøy | X |
| | Kristian Gottliebsen | |
| | Cecilie Oppedal, Vanylven | X |
| | Unni Natås, Ørsta | X |
| | Randi Revheim, Klinikk Volda | |
| | Jon Hjorthaug, Klinikk Volda | X |
| | Erlend Bae, | X |
| | Rune Heggedal, Klinikk Volda | |
| | Unni Skare, Fagavdelinga | X |
| | Hallgrim Myklebust | X |
| | Knut Nautvik, Klinikk Volda | X |
| | Palma Hånes, Klinikk Volda | X |
| | Mona Ryste, Klinikk Volda | X |
| | Karin M Mikaelson/Kristian Bjelke (FM) | |
| | Linda Gramshaug Fonseca, leiar sjukeheimslegar sjustjerna | X |
| Andre deltakarar | | |




Møtereferat

| Sak | Status/aksjonspunkt | Ansvarleg | Frist |
|--|---|---|-------|
| <p>Velkomen, praktisk info og agenda</p> <p>Merknad til referat 22.04.</p> | <p>Føretaksprotokoll i HMR har samarbeid med kommunane som eit av sine fokusområde (jf. presentasjon).</p> <p>176 testar i Herøy, og GroAnette som var referent – ikkje Mona.</p> | Mona Ryste | |
| Situasjonsbilete i kommunane | <p><u>Sande kommune:</u> Ingen ny påvist smitte. 189 testar. Mindre testaktivitet no.</p> <p><u>Volda Kommune:</u> Ingen nye påvist smitta. 316 testar. Senkar terskel for testing. Kommuneoverlegar laga seg samarbeidsmøte tysdagar.</p> <p><u>Ørsta kommune:</u> Ingen ny påvist smitte. Stor pågang frå folk som vil starte opp med aktivitetar, og stadig nye rettleiarar.</p> <p><u>Herøy kommune:</u> Ingen ny påvist smitte. Testa 185. Lav testaktivitet.</p> <p><u>Vanylven kommune:</u> Ingen ny påvist smitte. Lav testaktivitet. Grei gjenoppning av skule og barnehage, med</p> | <p>Asta Sileikiene</p> <p>Inger Lise Kaldhol</p> <p>Unni Natås</p> <p>Bjørn Martin Aasen</p> <p>Cecilie Oppedal</p> | |




Møtereferat

| Sak | Status/aksjonspunkt | Ansvarleg | Frist |
|-----------------------|--|--|-------|
| | <p>undervisning om smittevern utandørs.</p> <p><u>Ulstein kommune:</u> Ingen ny påvist smitte. Stille. Beskjed om å teste fleire. Mange spm frå publikum om kva som kan opnast opp.</p> <p><u>Hareid kommune:</u> Ikkje tilstades.</p> | <p>Norunn Kirkebø Elde</p> <p>Karsten Vingen</p> | |
| Situasjonsbilete i HF | <p>Palma orienterte om situasjonsbilete HMR og Volda sjukehus. Jf. vedlegg.</p> <p>119 innlagt i heile Norge. Møre og Romsdal har 2, 1 av dei i Volda. Aukar poliklinisk aktivitet opp mot 80% av normal drift. Utfordring med firesengsrom på dei ulike avdelingane.</p> <p>Covid 19 intensivpasientar skal gjennom sommaren behandlast på Molde og Ålesund sjukehus av omsyn til beredskap og bemanning. Stabilisering av pasientar på intensiv foregår som vanlig på intensiv inntil transport kan bli gjort på forsvarlig måte. Mistenkte og påviste covid-19 smitta skal framleis avklarast og innleggast i medisinsk sengepost Volda</p> | Palma Hånes | |




Møtereferat

| Sak | Status/aksjonspunkt | Ansvarleg | Frist |
|-----------------------------|--|--------------------|-------|
| | <p>i denne perioden. Overflytting gjeld pasientar på intensiv. Oppstart 18.05., med ny evaluering etter sommaren.</p> <p>Framleis stengte dører og vakter ved sjukehusinngongar. Fleksible ved kritisk sjuke og/eller dårlege.</p> | | |
| Smittevernopplæring i Herøy | <p>Tett samarbeid med kommunalsjef oppvekst ved gjenopning av skular og barnehagar. Smittevernoverlegen laga undervisningsopplegg saman med leiande helsesjukepleiar. Fokus på nasjonale retningslinjer og veiledarar, i tillegg til generell opplæring om smittevern.</p> <p>Fleire kommunar melder om at trygging av tilsette har gitt vellukka opning av skular og barnehagar.</p> <p>Har også gjennomført smittesporingsøving på Movi, eit av verdens største lakseslakteri. Gjennomgang av smittevern i bedrifta gjorde at ein oppdaga svakheiter frå begge sider, som ein tek med vidare til arbeidet med smittesporing.</p> | Bjørn Martin Aasen | |
| Testaktivitet vidare | Sjå presentasjon. | Mona Ryste | |




Møtereferat

| Sak | Status/aksjonspunkt | Ansvarleg | Frist |
|---------------------------------|---|--|-------|
| og raude dagar | <p>Kommunen melder at dette ser ut til å vere tilstrekkeleg med tanke på dagens testaktivitet. Kanskje ikkje behov for testing i pinsa? Vanskeleg å spå behov for pinsa, men ein raud dag truleg nok.</p> <p>Ingen transport Kristi himmelfartsdag eller 1.mai.</p> | | |
| Drøfting av «føre var prinsipp» | <p>Sjukeheimar som har hatt smitte har hausta ein del erfaring. 28 av 116 som ikkje hadde relevante symptom viste seg å vere smitta.</p> <p>Kan vi einast om felles rutine for å teste alle nye pasientar på KAD med diffuse symptom, og halde dei i karantene på rommet inntil svar ligg føre? Eldre har asymptomatiske symptom, og fastlegar og legevakt bør også ha lav terskel for testing.</p> <p>I Sande vert alle pasientar frå heim til bustadar, sjukeheim eller KAD rutinemessig testa.</p> <p>Ønskje frå kommunane om at sjukehuset testar alle som kjem inn med fall/funksjonssvikt og skal tilbake til KAD. Uheldig om</p> | <p>Unni Natås</p> <p>Asta Sileikiene</p> | |



Møtereferat

| Sak | Status/aksjonspunkt | Ansvarleg | Frist |
|------------------|---|--------------------------------|-------|
| | <p>sjukehuset må vente på svar på test før operasjon. Vert sak på sjukehuset sitt kriseleiingsmøte i morgon tidleg:</p> <p>Kva kliniske indikasjonar har sjukehuset på å ta test? Ikkje berre luftvegsinfeksjon og magesmerter, men generell funksjonssvikt/fall. Gjeld både medisin, kirurgi og alderspsykiatri.</p> <p><u>Konklusjon:</u> Saka vert diskutert på møtet i sjukehuset si kriseleiing i morgon, og på samarbeidsmøtet 04.05., og på sjukeheimslegane sitt samarbeidsmøte 05.05.</p> <p>Konkludere i dette møtet neste onsdag, 06.05.</p> | Stian Endresen og Knut Nautvik | |
| Smittevernutstyr | <p>Kommunane har tilstrekkeleg. Helseforetaket si utfordring er etterforsyning. Tilgang på eingongsfrakkar vore lav, og sjukehuset har laga rutine for prioritert bruk av frakk.</p> <p>HMR gir ut eit nytt informasjonsbrev til elektiv time og innlegging. Tydeleg screening. Ved ja på nokon av spørsmåla så skal det</p> | | |



Møtereferat

| Sak | Status/aksjonspunkt | Ansvarleg | Frist |
|------------------------------|--|------------------------------|-------|
| | takast kontakt med aktuell avdeling. | | |
| Neste møte 06.05. kl. 10 -11 | Held fram med møte kvar veke. Meld inn aktuelle saker. | Mona Stian Gro- Anette | |